



MØTEPROTOKOLL

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Røde Kors Nordisk UWC, Dale
Møtedato	10.05.2017
Kl.	09:45 – 12:30

Faste medlemmer til stades:

Karianne Torvanger (Ap)

Senea Sabanovic (Ap)

Henrik Oppen (Ap)

Gunn Åmdal Mongstad (Sp)

Anders Ryssdal (Sp)

Ole Johnny Stubhaug (Sp)

Trude Brosvik (KrF)

Sonja Merethe Øvre-Flo (H)

Forfall til møtet:

Alfred Bjørlo (V) (ikkje meldt forfall)

Varamedlemmer til stades:

Ingen vara til stades

Til stades med møte- og talerett:

Konst. fylkesdirektør Tor-Einar Holvik Skinlo

Fylkeshovudtillitsvald Rune Hovland

Elev- og lærlingombod Venke Nordeide

Sekretariat for møtet:

Teamleiar Kenth-Rune Teigen Måren

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møteprotokoll frå 29.03.2017 vart godkjend utan merknader.

Medlemmane i hovudutvalet for opplæring møtttest på Røde Kors Nordisk UWC, Dale den 09.05.2017. Der fekk dei informasjon om Røde Kors Nordisk UWC og arbeidet deira, presentasjon ligg vedlagt møteboka.

Munnlege orienteringar i møtet:

- Fylkesdirektøren informerte om at eit utval elevar og lærlingar får tilbod om å delta på ein internasjonal klimakonferanse (International Youth Peace Conference Climate change) der utgiftene vert dekkja av fylkeskommunen.
- Fylkesdirektøren informerte om at Ole Jørgen Øygarden er tilsett som ny rektor på Sogndal vidaregåande skule.

Etter HO-møtet reiste representantane til Dale vidaregåande skule og fekk følgjande orienteringar:

Innleiing ved rektor Gro Fivelsdal
Kva kjenneteiknar skulen?

Møte med leiing og tillitsvalde.

Tema 1: Gjennomføring og formidling.

- Korleis arbeider skulen med å auke gjennomføringa?
- Korleis samarbeider ein med lokalt arbeids- og næringsliv om å få elevane ut i lære?

Tema 2: Den lokale samfunnsrollen.

- Kva samarbeid, nettverk og synergjar er det mellom skulen og lokalsamfunnet?
- Kva samarbeid er det med andre skular i regionen og fylket?

Møte med elevrådet.

- Kva saker arbeider elevrådet med?

Tema 1: Trivsel

- Korleis fungerer skulehelsetenesta og miljøkoordinator?

Tema 2: Mestring

- Korleis var overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule?
- Fekk de relevant rådgjeving ved innsøking til vidaregåande opplæring?

I tillegg til orienteringane var det omvising på skulen.

SAK 7/17 Høyring - forslag om overgang frå Vg1studiespesialisering til yrkesfagleg programområder på Vg2

VEDTAK:

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

SAK 8/17 Høyringsnotat Fagbrev på jobb

VEDTAK:

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

SAK 9/17 Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021 - Arbeidsdokument 2/17

Fylkesdirektøren la fram saka utan tilråding

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande framlegg til vedtak:

1. Fagskulen gjev utdanning til arbeidskraft som er svært etterspurd av næringslivet i fylket, og er såleis ein viktig aktør innanfor høgare fag- og yrkesutdanning. Hovudutval for opplæring viser til styrevedtak i Fagskulen av 15.3.17, der styret konkluderer med at driftsrammene til Fagskulen kan reduserast med inntil 2 mill., og at reduksjonar i driftsrammene utover dette vil medføre store negative konsekvensar for utdanningstilbodet ved fagskulen. Hovudutvalet sluttar seg til denne vurderinga.

2. Det attståande innsparingskravet på opplæringssektoren er ein konsekvens av redusert innsparingskrav til Fagskulen som opprinneleg var på 6-13 mil. Hovudutvalet meiner dei urealiserte innsparingskrava til opplæringssektoren bør strykast. Hovudutvalet viser også til kapittel 4 i arbeidsdokument 2, der det vert drøfta strategiske utfordringar fram mot økonomiplansaka.

Avrøysting:

Framlegget frå Hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fagskulen gjev utdanning til arbeidskraft som er svært etterspurd av næringslivet i fylket, og er såleis ein viktig aktør innanfor høgare fag- og yrkesutdanning. Hovudutval for opplæring viser til styrevedtak i Fagskulen av 15.3.17, der styret konkluderer med at driftsrammene til Fagskulen kan reduserast med inntil 2 mill., og at reduksjonar i driftsrammene utover dette vil medføre store negative konsekvensar for utdanningstilbodet ved fagskulen. Hovudutvalet sluttar seg til denne vurderinga.
2. Det attståande innsparingskravet på opplæringssektoren er ein konsekvens av redusert innsparingskrav til Fagskulen som opprinneleg var på 6-13 mil. Hovudutvalet meiner dei urealiserte innsparingskrava til opplæringssektoren bør strykast. Hovudutvalet viser også til kapittel 4 i arbeidsdokument 2, der det vert drøfta strategiske utfordringar fram mot økonomiplansaka.

SAK 10/17 Skriv og meldingar HO 10.05.2017

VEDTAK:

Skriv til orientering:

- 1: Søknad om støtte til Operasjon Dagsverk i Sogn og Fjordane
- 1a: Budsjett for Operasjon Dagsverk i Sogn og Fjordane 2017

VEDTAK:

Hovudutval for opplæring ønskjer å imøtekomme søknaden om 15.000,- i støtte til Operasjon Dagsverk. Fylkesrådmannen får i oppdrag å omdisponere midlar i sektoren til dette. Tilskotet vil ikkje bli utbetalt før fylkeskommunen har motteke rapport og rekneskap for 2014 og 2015.

- 2: Invitasjon til skolepolitisk seminar 12.06.17 Oslo
- 2a: Program skolepolitisk dagsseminar

VEDTAK:

Karianne Torvanger, Tor-Einar Holvik Skinlo og Sonja Merethe Øvre-Flo vil delta på Skolepolitisk seminar i Oslo den 12.06.17.